



Lindås kommune, Plan- og miljøavdelinga
5914 ISDALSTØ
postmottak@lindas.kommune.no

10. mai 2017

Lindås kommune. Sveene bustadfelt, Kløve. Utbyggingsplan.

Ein viser til brev herifrå datert 27. mars 2017, og svar frå Statens vegvesen datert 27. 04. 2017.

Reguleringa av Sveene bustadfelt vart gjennomført av Lindås tomteselskap, basert på avtale om arealoverføring frå kommunen og utvida bruk av vegsystemet i eksisterande felt, jamfør vedlagde planomtale sist revidert 19. 05. 08 som også inneheld utdrag av merknad frå velforeninga.

Skogryddinga i 2012 vart gjennomført med tilkomst via landbruksvegen frå vest, i godt samarbeid med grunneigar.

Skogryddinga opna for alternative innfallsvinklar og plangrep som ikkje var vurdert i den tidlegare reguleringsprosessen.

Det er uklårt kva Statens vegvesen byggjer på når det vert hevda at den regulerte løysinga er den beste.

Planfagleg vurdert er det etter mitt skjønn ein veikskap ved planprosessen for Sveene at ein ikkje såg vidare og alt i startfasen realitetsvurderte den alternative vegløyninga frå området ved Kløvheim skule.

Ein permanent tilkomst denne vegen vil krevja reguleringsendring, som vil ta tid.

Uansett utfallet av denne, vil det etter mitt skjønn vera i alle partar si interesse at den etablerte anleggsvegen framleis kan nyttast, no for tilrettelegging av bustadfeltet, og at ein etablerer ein korridor mot vest slik at trafikken, om ønskjeleg, kan gå denne vegen også etter at feltet er utbygd.

Med helsing

Vidar Mjøs

*Kopi : Kålås & Søn Byggevarehandel AS v 'Lars Hagesæter' lars@kalasbygg.no>
Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER, firmapost-
vest@vegvesen.no*

Vedlegg : planomtale sist revidert 19. 05. 08.